

Kvarberg oppigard

Av Knut Raastad, 2017



Oppigard Kvarberg gnr. 72 bnr. 1 ligg i øvre Nordherad. Kvarberg er nemnd frå 1325 da som a Huærbergge, a Huarbærghum 1381, Hwarberge 1421, Hwalfbærgh 1445, Hwarberigh 1490, a Hwarberghæ 1495, Hwarbergh 1527, Quatberg 1520, Quasberg 1578, Quarberriq 1594, Quarberg 1604 og 1668, Qvarberg 1723.

Kvarberg tilhørde kongen på 1200-talet og Håkon Håkonsen 1217-1263 gav eiedommen til hospitalet i Tønsberg. Truleg overtok kongen att etter reformasjonen 1537. I 1647 var fogden i Båhuslen Mads Pedersen eigar, medan fogden i Gudbrandsdalen Christen Mogensen er nemnd som eigar i skattemanntalet i 1648 og 1655. Oppigard Kvarberg er nemnd som fullgard i jordebok 1577 seinare og i bygningsskatten 1604.

Omkring 1600 var Tord Tostensen Kvarberg f.ca.1550 d.1621 brukar på oppigard Kvarberg. Han hadde eiedommar på Fron og andre plassar, på Kvarberg var han leiglending. Han var gift med Anne Eriksdotter Bjølstad f.ca.1560 dotter til Erik Trondsen Bjølstad f.ca.1510 d.før 1906 og Tora Øisteinsdtr. Bratt f.ca.1510 d.før 1606. Tord Tostensen hadde bl.a. sønnene:

Tosten Tordsen

Oluf Tordsen d.ei tid etter 1640

Oluf Tordsen overtok som leiglending på oppigard Kvarberg etter faren.

Den siste leiglendingen på oppigard Kvarberg var Fridrch Glostrup som var prest i Vågå mellom 1647 og 1656, han er nemnd som brukar i matrikkelen 1647.

Erik Johannessen Kongsli d.1676 kjøpte oppigard Kvarberg omkring 1655, han var brukar på sygard Kongsli i Nord-Fron i 1647 og 1668. I 1661 er han nemnd som eigar av oppigard Kvarberg av skyld 4 huder. Erik Kongsli var gift med Guri Sveinsdotter d.før 1671, dei hadde 5 barn:

Johannes, g.m. Torø Ivarsdtr. Hov dotterdtr til Tosten Tordsen Kvarberg. På Sandbu (Fron) Oluf f.1636, g.m. RønnaugAamundsdr. Tune d.1691. Etterslekt sygard Kongsli.

Øistein 1639-1685, neste brukar

Kari, g.m. Lensmann Jørgen Halldorsen Hjelle f.ca.1628 på Dovre

Kari II, g.m. Ole Torgersen Rudi

Manntalet 1666 og matrikkelen 1668 nemner Kvarberg som fullgard med skyld 4 huder som Østen Kvarberg eig. Øistein Eriksen Kongsli Kvarberg 1639-1685(?) løyste ut brørne sine Johannes og Oluf med «kjøpebrev» i 1672. Året før var det sak reist av Jørgen Hjelle om kjøpesummar av Kvarberg og Sandbu (Fron), saka enda i forlik. Øistein var gift med Ingeleiv Jakobsdotter Valbjør d.1697 dotter til Jakob Gunnarson Fellese f.1612 d.før 1682 og Eli Pedrsdtr. Valbjør f.ca.1615. Øistein og Ingeleiv hadde 7 barn:

Erik 1674-1751, neste brukar

Peder f.ca.1675/1680, løytnant til 1727. På Nederkvern i Furnes.

Jakob d.1697, ugift.

Anne f.ca.1680 d.1769, g.m. Syver Nilsen Berge d.før 1720
Guri, g.m. Engebret Eriksen
Ragnhild d.1735, g.m. Iver Svendsen Siem d.1732
Eli, g.m. Ole Svendsen Klones

Erik Øisteinsen Kvarberg 1674-1751 overtok oppigard Kvarberg. Faren døydde i 1685. I 1720 overtok han det som systrene hadde arva av Kvarberg, når han overtok delen til broren Peder veit ein ikkje. Erik var gift med Mari Johannesdotter Sandbu ø-n f.ca.1681 d.1754 dotter til Johannes Iversen Sandbu d.1712/1713 og Kari Olsdtr. Lunde nig. d.1691. Erik og Mari hadde 2 barn:

Øistein 1700-1765, neste brukar
Ingeborg f.ca.1711 d.1773, g.m. Tosten Tjøstolvsen Rottem f.ca.1697 d.1766.

Øistein Eriksen Kvarberg 1700-1765 overtok Kvarberg i 1737 ved at han overtok systera Ingeborgs arvelodd. Øistein var gift med Ingeborg Jakobsdotter Jøronstad 1705-1790 dotter til Jakob Olsen Dale ø. f.ca.1670 d.1728 og Ingrid Knutsdtr. Jøronstad. Øistein og Ingeborg hadde 6 barn:

Erik 1733-1771, neste brukar
Karen f.1735 d.før 1765
Jakob 1738-1804, g.m. Rønnaug Olsdtr. Storvik s. f.1739 d.etter 1804. Til Aaseng.
Amund 1741-1821, ugift.
Ivar 1745-1823, g.m. Gunhild Jonsdtr. Valde s. På sygard Valde.
Christoffer 1749-1827, ugift.

Erik Øisteinsen 1733-1771 var gift med Gunhild Syversdotter Snerle m. 1746-1786 dotter til Syver Gudbrandsen Snerle f.1709 og Kari Einarsdtr. Hole Sandbu f.1713. Erik og Gunhild hadde 4 barn:

Imbiør 1766-1806, g.1786 m. Ola Knutsen Siem 1759-1822. På Siem.
Øistein 1768-1834, seinare brukar
Siver 1769-1825, g.m. Marit Knutsdtr. Sande 1771-1839. På Sande.
Erik 1771-1845, g.1818 m. enke Rønnaug Knutsdtr. Garmo Laingen 1788-1847

Gunhild Syversdotter 1746-1786 vart enkje i 1771 og gift på nytt i 1782 med Hans Tordsen Harildstad 1755-1826 son til Tord Hansen Tolstad (på Harildstad) 1736-1818 og Berte Syversdtr. Aasaaren 1739-1772. Hans Tordsen vart enkjemann i 1786 og dreiv Kvarberg fram til 1789. Han kjøpte nigard Viste i 1794, men hadde ikkje den garden lenge. Hans Tordsen vart i 1789 gift II. Gong med Anne Christensdtr. Bjørnstad n. 1764-1844 og hadde 7 barn med henne. Gunhild Syverdatter 1746-1786 og Hans Tordsen hadde 2 barn:

Tord 1783-1868, d.m. Mari Hansdtr. Pillarviken 1789-1881. Til Stensrud i Heidal.
Jakob 1785-1788

Øistein Eriksen Kvarberg 1768-1834 fekk skjøte frå sine medarvingar i 1789, oppigard Kvarberg var da verdsett til kr 1750 Riksdalar. Øistein var gift med Imbiør (Ingeborg) Johannesdtr. Sunde 1770-1856 doter til Johannes Andesen Sunde 1722-1808 og Gunhild Tjøstolvsdtr. Kleppe s. 1729-1814. Øistein og Imbiør hadde 7 barn:

Gunhild 1797-1883, g.m. Johannes Hansen Viste nordgard 1789-1858. På Viste.
Gunhild II 1799-1894, g.m. Ola Pedersen Kleppe s. 1804-1878. På Kleppe.
Erik 1801-1889, neste brukar
Johannes 1802-1876, g.1826 m. enkja på Valbjør Mari Tordsdtr. Kleppe n. 1789-1839.
Kari 1805-1899, g.m. Erik Syversen Garmo ø. 1802-1841. På Garmo.

Tjøstolv 1807-1876, ugift.

Imbiør 1810-1897, g.1840 m. Trond Pålsen Valbjør 1811-1883. På Valbjør.

Erik Øisteinsen Kvarberg 1801-1889 vart 1848 gift med Ragnhild Johannesdotter Einarsvoll 1827-1903 dotter til Johannes Hansen Einarsvoll 1806-1896 og Rønnaug Syversdtr. Garmo ø. 1804-1863. Erik overtok oppigard Kvarberg med skjøte frå faren i 1821 for 800 Spd. Erik og Ragnhild hadde 4 barn:

Øistein 1849-1924, neste brukar

Paul 1852-1939, g.1883 m. Mathea Jonsdtr. Slette (Heidal) 1863-1926. På Slette.

Imbiør 1855-1919, g.1876 m. sakfører Jens Christian Krohg 1848-1905

Hans 1858-1900, ugift. Bestyrar Vågå Handelsforening frå 1881.

Øistein Eriksen 1849-1924 vart 1885 gift med Mari Olsdotter Storvik s. 1864-1902 dotter til Kari Ivarsdtr. Storvik 1837-1897 og ugift Ola Knutsen Rusnes 1835-1888. Øistein og Mari hadde 4 barn:

Erik 1886-1973, neste brukar

Christoffer 1890-1955, g.m. Klara Svendsen 1893-1976. På Gjøvik.

Kristian 1893-1940, g.m. Klara Heggdal 1902-1985. I Gausdal.

Ragnhild 1902-1976, g.m. Anders Paulsen Kvarberg n. 1891-1944.

Erik Øisteinsen Kvarberg 1886-1973 overtok oppigard Kvarberg med skjøte 1921 for kr 12000,-. Erik var gift med Anna Arnesdtr. Rudi (Ringebu) 1991-1989, dei hadde 3 barn:

Øistein f.1914, neste brukar

Arne 1916-1999, g.m. Mari Pedersdtr. Odlaug (Skarstad i Sør-Fron) f.1921. Til Ringsaker.

Mari f.1922, g.m. Steinar Johannessen Sandbu n-n f.1907

Øistein Eriksen Kvarberg f.1914 overtok oppigard Kvarberg i 1953. Øistein var gift med Hjørdis Jørgensdtr. Jotun 1913-1998, dei hadde 3 barn:

Erik f.1935, neste brukar

Kari f.1942, g.m. Pål Hansen Tolstad f.1940. På Tolstad.

Asbjørn f.1948, seinare brukar

Erik Øisteinsen Kvarberg f.1935 overtok oppigard Kvarberg i 1982. Han var gift med Kari Lie (Øyer) f.1940.

Asbjørn Øisteinsen Kvarberg f.1948 overtok frå broren frå 2001. Asbjørn er gift med Kari G. Holen, dei bur i Hesthagen vest for Kvarberg.

I 2016 vart oppigard Kvarberg seld frå Asbjørn Kvarberg til Øyvind Holø og Carolin Maurstad Risheim frå Skjåk.

I 1668 vart det på oppigard Kvarberg fødd 35 fe, det var 6 hestar og det vart sådd 12 tønner.

I 1865 var det på oppigard Kvarberg 9 hestar, 50 kyr, 68 sauer, 32 geit og 3 gris. Det vart sådd 3/4 tønne rug, 15 tønner bygg, 1 ½ tønne blandingskorn og 5 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Uppigard Kvarberg med grenene på Garmo, Sande og Siem

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter panteregister, pantebøker, skifter mm.

1881.no

Matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711
O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum
Folketeljing 1865
Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker mm.